



Atle Allertsen
Hardangervegen 750
5267 ESPELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4320 - 22/56782

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 162/4 Herland

Tiltak: Bruksendring/kjeller
Byggjestad: Gbnr: 162/4
Tiltakshavar: Atle Allertsen
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må supplerast med teikningar som syner tydeleg kva som er dagens planløsning, og kva som er ny planløsning etter bruksendring.

Dersom det etablerast nye vindauge, eller andre endringar som vil medføre utvendig endring av bygg, må det òg sendast inn slikt teikningsgrunnlag for fasade på bygg.
2. Dersom det her søkjast etablering av trapp, er det krav om bruk av ansvarleg føretak. Alternativt kan det søkjast som sjølvbyggjar jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §6-8.
3. Det må leggjast ved situasjonskart som syner plassering av det aktuelle bygget.
4. Søknad må supplerast med oppdatert BRA for bustad.

Kommunen har vurdert at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå arealføremål LNF for den aktuelle bruksendringa. Denne vil ikkje bli vurdert for dette tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Allertsen

Hardangervegen 750

5267

ESPELAND